



Eit strandhus vil gjera båthamna og område rundt meir attraktivt for ulike aktivitetar.

Det vert i desse dagar bygd strandstove i båthamna. Bygget erstattar det som var eit enkelt bygg med plastduk over. Uskedal båtlag er byggherre. Arbeidet vert utført av Byggmeister Stensletten. Eit strandhus vil gjera båthamna og heile område meir attraktivt for ulike aktivitetar.

Uskedal Båtlag vil at strandstova skal vera ein sosial samlingsplass i eit maritimt miljø. Båtlaget har ansvaret for tilsyn og vedlikehald, men alle som ynskjer det og spør, skal kunna bruka lokale til kvar sine føremål.

Byggmeister Stensletten har prefabrikkert bygget i sine lokale på Børnes. Innan nokre dagar er strandstova på plass. Det vert klargjort for VVS og elektro. Den totale kostnaden er rekna til rundt kr. 400.000,-

Plasseringa av bygget er på den tomte plashallen stod. Med bakgrunn i ein merknad vart bygget trekt litt lenger bort frå nabogrensa. Båthamner med storleik og kvalitet som i Uskedalen, har velferdsbygg og installasjonar for ulike aktivitetar. Med ei strandstove vil Uskedalen kunna marknadsføra seg betre ut til båtgjester som igjen fører til inntekter på utleige.

Strandstova kan vera klar til bru alt i pinsehelga og ikkje minst laurdag 10. juni på den store Aktivitetsdagen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal